

**Fra:** Henrik Vatle (henrik.vatle@sklbb.no)

**Sendt:** 05.05.2015 21:04:10

**Til:** Marianne Ose Askvik

**Kopi:**

**Emne:** Re: UKM-festivalen i Trondheim

**Vedlegg:** UKM avtale.pdf

Heihei! Her har eg vedlagt kontrakten min ferdig signert :) Dette høyres tipp topp ut, og eg gleder meg!

Tirsdag 28. April 2015 10:11 CEST skrev Marianne Ose Askvik <Marianne.Ose.Askvik@hfk.no>:

**Kjære Henrik, Hilde, Morten, Ole Martin og Samuel,**

**Gratulerer som deltakar til UKM-festivalen i Trondheim! Her følgjer viktig informasjon ☺**

#### **Samtykkeskjema**

Dykk må alle fylle ut vedlagte «samtykkeskjema for deltakere», signere denne (hugs signatur frå føresette ettersom dykk er under 18 år), og sende til meg **innan torsdag 7.mai**. Dykk kan scanne skjemaet og sende dette til meg per e-post eller sende per post til Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga, UKM Hordaland v/ Marianne Ose Askvik, Postboks 7900, 5020 Bergen.

#### **Prinsipp for deltaking**

Festivalen starter fredag 19. juni kl. 20:00, og varer til tysdag 23. juni på morgonen, og det er viktig både for deg og oss at du kan være med heile tida. Å bli sendt vidare til UKM-festivalen dreier seg ikkje om å reise for å foreta en kjapp opptreden i Trondheim. UKM-festivalen er ei stor pakke av opplevelingar, der summen av forestillingar, konsertar, workshops, sosiale aktiviteter, overnatting osv., utgjør ein heilskap, og eit minne for livet. Dei ungdommane som vert sendt vidare fortener å få oppleve denne heilskapen. Deltakarane skal som hovudregel delta på heile festivalen som vert arrangert 19.-23.juni. Eventuelle avvik og spesialavtaler må være skriftlig avtalt med UKM Norge på førehand.

#### **Info til deltakarar og føresette**

Olavskvartalet er hovudarena for festivalen, men UKM kan de også oppleve på Studentersamfundet, på Solsiden og i Vår Frue Kirke. Alle UKM-artistar bor på Trondheim Spektrum, og her vert det servert frukost og kveldsmat. Hovudforestillingar, kunstutstilling og workshops vert gjennomført i Olavskvartalet/Olavshallen. Her er det også TV-studio, nettredaksjon og sekretariat. Filmforestillinga er på NOVA Kinosenter. Her ligger også Olavs Pub, der det vert servert lunsj og middag. Programmet er klart i slutten av mai. På nettsida [www.ukm.no/festivalen](http://www.ukm.no/festivalen) finn de deltakarinformasjon, rammeprogram, kart, ordensregler og annan info. Sida vert oppdatert fortløpende fram mot festivalen med nyhende om workshops, detaljprogram osv. Det er **viktig at alle deltakarar gjør seg kjent med innhaldet** på denne nettsida.

#### **Ordensreglar**

Det er utrolig mykje som skjer kvar dag under festivalen, og de skal prestere på høgt nivå som artistar og kunstnarar. Derfor må man også sove litt!

- Det skal være ro i sovesalene frå kl. 00:00.
- Alle UKM-artistar må møte presis til prøver, forestillingar og arrangement.
- All bruk av rusmidlar er forbudt, og overtredelse medfører heimreise for egen rekning.

#### **Reise og Reiseleiari**

Hordaland fylkeskommune ordnar med flybillett til alle deltakarane. Avreise vil vere fredag 19.juni og heimreise vert tysdag 23.juni. Dersom dykk **ikkje kan** reise frå Bergen (Flesland), må eg få beskjed om dette snarleg. Når eg har ordna med flybilletter, vil dykk få stadfesting på dette.

Dykk vil alle få ein reiseleiari (Ein reiseleiari får ansvar for inntil 10 deltakarar). Denne personen vil også bu i Trondheim Spektrum. Kontaktinformasjon på kven dette vil vere for dykk, vil eg sende når dette er klart.

### **Husorkester vs playback**

Ingen skal behøve å stå på scenen i Olavshallen og synge eller spille med playback. UKM Norge set saman eit profesjonelt husorkester, og alle deltakarane som er vidaresendt med playback vert akkompagnert av desse musikarane (eller berre av pianist).

Ver vennleg og gi tilbakemelding på om dykk ønskjer dette. UKM Norge må ha skriftleg tilbakemelding på kven dette vil gjelde for.

Om de har spørsmål, er det berre å ringja med på 992 30 515.

Vennleg helsing

**Marianne Ose Askvik**

Spesialrådgjevar  
Kultur- og idrettsavdelinga | Seksjon for kunst- og kulturformidling



Tlf: 55 23 95 43  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)